



Dei kom frå Bibelskulen i Korosten og takka for hjelp frå Uskedalen Dit går også neste sending. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I morgon frå klokka 11.30 til 12.30 bør uskedelingane nytte høvet til å helpa dei som treng det i Ukraina. Då blir det ny innsamlingsrunde i Kvinnherad og uskedelingen Tormod Myklebustad står sentralt i det positive tiltaket. Semitrailaren frå THK-stiftinga står ved Grano denne timen.**

Myklebust har nyss kome heim frå tur nummer 5 til det fattige, store landet i aust og skal nedover att seinare. Det som blir samla inn no blir køyrt til byen Korosten om få dagar.

Dei som leverer bør passa på at sekkane inneheld reine og heile klede og sko.